



Notat

Dato: 01.03.2016
Arkivsak: 2015/11453-29
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Fagskolane i Hordaland - kvalitetsmål og utviklingsplanar for skuleåret 2015/16

26.11.2015 vedtok fagskulestyret følgjande:

Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek kvalitetsmeldinga til etterretning.
2. Følgjande kvalitetsmål vert vedteke for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2015/16:
 - Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:
 - redusere fråfallet mellom første og andre semester
 - utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljø.
3. Fagskulestyret ber om at skulane også utarbeider egne kvalitetsmål for den einskilde fagskule for skuleåret 2015/16, og legg dei fram for styret 26. januar 2016.
4. Basert på dei overordna kvalitetsmåla for Fagskolane i Hordaland og dei einskilde kvalitetsmåla ber fagskulestyret skulane om å utarbeide ein utviklingsplan for korleis dei skal nå måla. Utviklingsplanen skal også leggjast fram for styret 26. januar 2016.

På grunn av juleferie og ny semesterstart i januar 2016 vart det noko knapp tid til å levera egne kvalitetsmål og utviklingsplan til styremøtet 26.01.2016. Fagskulane har no levert egne kvalitetsmål og utviklingsplanar som ein kan lesa frå neste side.